



NIBIO
NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 7.12.2017: Jordbruket for landet 2016

Svak auke i jordbruksinntektene i 2016

Jordbruksinntektene auka med to prosent frå 2015 til 2016 etter to år med sterk vekst. Det er stor variasjon i inntektsutviklinga mellom ulike driftsformer. Mjølkk og svin gjekk fram, medan sau og korn fekk nedgang.

Korrigert for prisauke er resultatet om lag uendra siste året. Det viser dei årlege driftsgranskingane utført av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO). Driftsgranskingane omfattar rekneskapstal frå 920 bruk fordelte over heile landet.

Auka inntekter og auka effektivitet

Jordbruksinntektene auka med kr 6 000, til kr 332 800 i 2016. Inntektsnivået var høgast på Jæren med kr 400 300, etterfølgt av flatbygdene på Austlandet med kr 374 300 per årsverk.

Arealet per bruk auka med 12 dekar, til i snitt 379 dekar. Produksjonsomfanget per driftseining auka, og arbeidsinnsatsen var uendra med 2 872 timar.

Korn og svin i framgang

Høgast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene hadde driftsforma korn kombinert med svin med kr 511 100 per årsverk, ein framgang på 15 prosent.

Mjølkeprodusentane oppnådde kr 345 700 per årsverk, ein auke på 5 prosent frå 2015.

Sauehaldet hadde ein nedgang på 10 prosent til kr 181 600 per årsverk, medan korn gjekk ned med 29 prosent til kr 259 000 per årsverk.

Inntektene auka meir enn kostnadene

Generelt var det ein auke i produksjonsinntekter på 4 prosent som følgje av auka prisar i tillegg til volum- og tilskotsauke.

Kostnadene auka med 5 prosent. Kostnader til kraftfôr og gjødsel auka med høvesvis 2 og 4 prosent, noko som bidrar mykje til den samla kostnadsauken. Kostnader til leasing og teknisk utstyr auka også mykje siste året.

Auka investeringsnivå

Gjennomsnittleg nettoinvestering per bruk auka frå kr 127 800 i 2015 til kr 150 700 i 2016, ein auke på 18 prosent. Det er framleis høgt investeringsnivå, og det er dei store bruka som investerer mest. Det vart investert både i maskiner, bygningar, jord og mjølkekvote, og det var høgast nettoinvestering i Agder og Rogaland utanom Jæren.

Gjelda auka med 6 prosent i snitt per bruk. Gjeldsdelen for driftsgranskingsbruka var 47 prosent i 2016, det same som året før. Trass i auka gjeld fall rentekostnaden med 6 prosent grunna fallande rentenivå.



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 7.12.2017: Jordbruket for landet 2016

Jordbruket sin del av samla inntekt var uendra

Nettoinntekta for brukarfamilien i 2016 var på kr 952 200, ein auke på ein prosent. I nettoinntekt inngår alle inntekter for brukarfamilien, både i og utanfor bruket, med frådrag av gjeldsrenter og kår.

Jordbrukets del av brukarfamiliens samla inntekter var 42 prosent, uendra frå 2015. Bidrag frå tilleggsnæringar med basis i ressursane på bruket stod for seks prosent, og skogbruket for ein prosent av samla inntekter. Løsinntekter utgjorde 39 prosent, mot 38 prosent i 2015.

Jordbruksfrådrag

Skattefordel for jordbruket i form av jordbruksfrådrag, tilsvarer ekstra inntekt på kr 34 500 per årsverk. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 367 300 per årsverk, ein auke på ein prosent frå 2015.

Effekten av jordbruksfrådraget vart redusert i 2016 på grunn av lågare skatteprosent på allmenn inntekt.

Eiga skogundersøking viser nedgang i driftsoverskot

For 138 gardsbruk med skog er det utført ei eiga undersøking. Det gjennomsnittlege skogarealet på desse bruka er 1 500 dekar.

Gjennomsnittleg driftsoverskot per skogbrukseigedom var kr 44 800, ein nedgang på kr 9 700 frå 2015. Lågare tømmerprisar og auka kostnader førte til nedgang i resultatet.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58 552 / 992 61 920

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no

Eva Øvren

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 902 89 619

E-post: eva.ovren@nibio.no

Sjå meir informasjon og utfyllande talmaterial på: www.nibio.no



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 7.12.2017: Jordbruket for landet 2016

Ordforklaringar

Jordbruksinntekta blir målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Kår er ei kontraktfesta yting til tidlegare eigar.

Leasing er langtidsleige, som oftast av maskiner eller inventar.